



Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/223 - 23/1486

Saksbehandlar:
Hans Kristian Dolmen
hans.kristian.dolmen@alver.kommune.no

Dato:
05.01.2023

Lokalitet Gjerdneset - Høyring og Uttale - Alver kommune


Alver kommune mottok 10.1.2022 søknad om etablering av anlegg for oppdrett av laks og aure ved Gjerdneset, Mangerfjorden i Alver kommune. Søklar er Lerøy Vest AS og samla søknad vart sendt over frå Vestland fylkeskommune, avdeling for Innovasjon og næringsutvikling.

Søknaden gjeld etablering av ny lokalitet for akvakulturanlegg med biomasse (MTB) på 3120 tonn. Alver kommune kunngjorde søknaden (10.2.2022) og la den ut til offentlig ettersyn i avis, norsk lysingsblad og på kommunen sine heimesider. Frist for å gje innspel til søknaden vart sett til 11.3.2022.

Plansituasjon

Området ligg i Mangerfjorden ved Gjerdneset nord for Holsnøy. Plasseringa av anlegget er i tråd med gjeldande arealplan for Alver kommune (KDP Meland). Det aktuelle området er lagt ut til kombinasjonsføremål som inkluderer akvakultur. Søknaden er slik sett i tråd med plan, men denne arealdisponeringa har vore mykje diskutert.

Utsnitt – KPA Alver – Mangerfjorden og Gjerdneset



Overordna rammer

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

Alver kommune er med i det interkommunale planarbeidet gjeldande sjøareal som går føre seg no. Med bakgrunn i oppdatert kunnskapsgrunnlag og konsekvensutgreiing er det i framlegg til plan ikkje lagt ut areal for akvakultur i området det her er snakk om. Sjølv om planen ikkje er vedteken er det eit sterkt varsel om endra arealbruksføre mål i plan.

Statsforvaltar har i sitt innspel (7.3.2022) til høyringa som gjeld denne søknad satt som krav for å gje utsleppsløyve at Alver kommune må gjer særskilt vedtak om einebruk av areal til akvakultur. Slik endring av arealplan for Alver kommune ser ikkje ut til å vere aktuell, og det kjem ikkje noko særskilt vedtak utanom handsaming av interkommunal plan for sjøareal.

Kunnskapsgrunnlaget om og tilstanden til villaks knytt til området er kjent og nyare data som kjem til er tydeleg på bestanden er sterkt trua. Fjordsystemet i nærleiken er definert som nasjonal laksefjord og dette aktuelle området er ein del av utvandingsruta. Grunnlag frå mellom anna Havforskningsinstituttet syner at dødelegheita for utvandrande smolt er høg og noko av den viktigaste årsaka er lakselus. Vi veit og at for dei belasta områdene i fjordsystemet er det ikkje tilrådd med vidare etablering av konvensjonelle oppdrettsanlegg.

Kommunane skal ta i vare eit heilskapleg perspektiv og samordne interesser og verknader knytt til arealbruk. Mellom anna gjeld dette miljøtilhøve og oppfylling av miljømål gitt i Vassforskrifta. Alver kommune har vidare ansvar og oppfølging knytt til tiltak etter vedteken handlingsplan for Nordhordland vassområde. Vi peiker på dette fordi kommunane har eit ansvar i å bidra til å nå vedteke miljømål og meiner at samanhengen mellom føringane i vassforskrifta (m.a. §12), og korleis desse vert teken i vare ved gjennomføring av tiltaket, må kome betre fram. Det same gjeld tilhøve knytt til nyleg vedteken handlingsplan for Norhordland vassområde og særskilt om det er tiltak knytt til denne vassførekomsten.

Innspel og merknadar

Alver kommune har motteke 20 innspel og merknadar etter kunngjering og offentleg ettersyn frå grunneigarar, lag og organisasjonar, næringsdrivande og offentleg mynde. Alle innkomne dokument er vedlagt. Det har tidlegare vore gjennomført høyring knytt til søknad om etablering ved Skjelanger også dette i Mangerfjorden. Innspel og merknadar kjem i all hovudsak får dei same avsendarane og med likelydande innhald. Uttale er tidlegare sendt frå Alver kommune til Vestland fylkeskommune.

Det er for omfattande å gå i detalj på alle innspela, men i det følgjande er ei kortfatta oppsummering av nokre:

- Utsatt område for naturkrefter (risiko og sårbarhet)
- Eigar- og brukarretter mellom anna knytt til laksefiske
- Lakseplassar for faststående reiskap bør registrerast
- Naturmangfaldet vert skadelidande
 - o Belastninga på andre arter som lever i området
 - o Mange arter fugl og oter er nemnd)
 - o Villaksen vert skadelidande og området er hovudlei for utvandrande smolt
 - o Det må tas omsyn til krav om avstand mellom lokalitetar
- Nærområdet er attraktivt friluftsområde
 - o kajakk, fising, turgåing, bading, fridykking og stillheit
 - o fritidsfiske, turområde, naturoppleving
- Støytillhøve, lys- og lydforureining har påverknad både på land og sjø
- Området er raudt i høve til trafikklyssystemet og aktiviteten må reduserast ikkje aukast
- Temakart til kommuneplanen, regionale friluftsområde
- Lakselusproblemet vert forsterka
- Forureining på overflata og på botn

- Må anta har uheldig påverknad på skaldyr og skjell
- Forureining som fiskeavføring, medikament, kjemikalier, kopar, mikroplast o Støytillhøve generelt (slaktetidspunkt, avlusing..)
- Lys- og lydforureining (særleg natt)
- Trivsel og rekreasjon, stillheit, naturoppleving, helsebot
- Problem med algeoppblomstring i badesesongen
- Risiko for rømming og helserisiko for villfisk
- Belastninga for fastbuande og fritidsbebuarar vert for stor - Innspell om vilkår for drifta av anlegget (Fiskeridirektoratet)
- Ved avlusing må det takast omsyn til at det eit rekefelt like ved anlegget. Legemiddel som inneheld kitinhemmarar er forbode nærmare enn 1000 meter frå rekefelt, jf. akvakulturdriftsforskrifta §15a)
- Fortøyingar må ikkje kome i konflikt med rekefeltet i nærleiken av anlegget
- Innspel om supplering av søknad og vilkår knytt til arealplan (Statsforvaltaren)
- Det vert lagt til grunn at det skal vurderast kva plassering, driftsmetodar og teknikk som skal tillatast for å unngå skadar på naturmangfaldet
- Vurdering etter vassforskrifta §12 skal gjerast så langt kunnskapen strekk til
- Ein meiner vidare at Alver kommune må gjer om arealbruken for område frå kombinert føremål til einebruk
- Endeleg at det må gjennomførast nykartlegging da kunnskapen om marint naturmangfald er mangelfull

Vurdering

Som utgangspunktet skal at kommunen skal ta stilling til arealbruk og moglege konsekvensar av planlagt og omsøkte arealbruk. Normalt vil overordna plan ha i seg konsekvensutgreiing basert på kjent kunnskap knytt til særleg naturmangfald. Det er frå mange hald peika på at denne type kunnskap til dels er mangelfull når det gjeld tilhøva i sjø og for store delar av sjøareal i Alver er slik vurdering ikkje gjort på ei tid.

Når det gjeld kunnskapsgrunnlag er dette stadig i utvikling, og i dette høve legg Alver kommune vekt på det interkommunale planarbeidet som går føre og det kunnskapsgrunnlaget som er produsert der saman med konsekvensutgreiinga.

Vidare vil det ikkje kome særskilte vedtak knytt til arealplan verken for sjø- eller landdelen i kommunen då begge desse hovudområda er i prosess. Når det gjeld sjøareala ligg dei eit stykke framfor landdelen. Framlegget til plan har vore til vurdering både i planutval og kommunestyre i desember 2022 og det er ikkje fremma generelle eller særskilte endringar knytt til arealbruksføremål som kunne vere aktuell i denne saka.

Med grunn i det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre, dei rammene som er skildra ovan for og pågåande arbeid med overordna plan vil ein ikkje tilrå etablering av oppdrettsanlegg som omsøkt.

Med helsing
Alver kommune, Plan og analyse

Hans Kristian Dolmen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Grunneigar 1 Uttale Gjerdneset 150322
Innsjutt Grunneigar 2 Gjerdneset 110222
Merknad Grunneigar 3 Gjerdneset 090322
Merknader Grunneigar 4 Gjerdneset 100322
Merknader Grunneigar 5 Gjerdneset 110322
Uttale Grunneigar 6 Gjerdneset 110322
Vedlegg Grunneigar 3 Kart 090322
1 Bevar Mangersfjorden 140322
Klage fra Holsnøy Kystlag vedrørende planer om oppdrettsanlegg ved Gjerdneset (L)(660056)
Klage Holsnøy Kystlag Gjerdneset 100322
Klage Protestgruppen Gjerdneset 100322
Merknad Hordaland Grunneigarlag Gjerdneset 070322
Merknad Naturvernforbundet Gjerdneset 110322
Opprop Protestgruppen Gjerdneset 110322
Protest Bratshaug Hyttefelt Gjerdneset 110322
Uttale Fiskarlaget Vest Gjerdneset 180222
Uttale Mjåtveitelva forening 120222
Varsel om motsegn til plassering (L)(626417)
Vedlegg 1 Holsnøy Kystlag Kart 100322
Vedlegg 2 Holsnøy Kystlag Mons Kårbø 100322
Klage Kårbø Opplevelser Gjerdneset 300122
Merknad Lingalaks Gjerdneset 080322
Uttale Fiskeridirektoratet Gjerdneset 240222
Trong for supplering av søknad om etablering av nye akvakulturanlegg i Mangersfjorden (L)(658115)

Kopi til:

Lerøy Vest As	Skipavika 54	5397	BEKKJARVIK
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER

Mottakarar:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
------------------------	---------------	------	--------